

## Kulturmidlar / kulturfond

Det er høve til å søkje om tilskot frå kulturmidlane eller kulturfondet for alle lag som driv kulturarbeid i Skodje kommune, anten det er idrett, song og musikk eller andre typar av kulturarbeid.

Søknadsskjema finn du på [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no), eller ved å kontakte Skodje kommune, servicekontoret, tlf. 70 24 40 00.

Søknadsfrist for begge tilskota er 1. april.

## Velkommen til biblioteket

Skodje folkebibliotek ligg i underetasjen til Skodje barneskule, med inngang frå vestsida.

Biblioteket er ope:

Mandag: 12.00 - 16.00

Tysdag: 12.00 - 19.00

Torsdag: 12.00 - 19.00

## Unngå restskatt

For å unngå restskatt og rentetillegg, er fristen for innbetaling av tilleggsforskot 30. april. Dette gjeld både for personlege skattyttarar, næringsdrivande og aksjeselskap.

Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkonto 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Dette kan lagast på [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no). Hugs å velje 2008 som inntektsår.

## Søknadsfrist SFO

1. april er fristen for søknad om plass i skulefritidsordningane for skuleåret 2009/2010.

Søknadsskjema finn du på Skodje kommune si heimeside.

## Valle skule og barnehage


### Parkeringsplass

Teknisk avdeling har starta arbeidet med utbygging av parkeringsplass ved Valle skule og barnehage. Forventa oppstart er i veke 14 og slutføring i veke 17. I denne perioden vert Smisundvegen mellomstengt i nord ved kryss mot Hjellmyrvegen.

### Ny rundkøyring

Neste byggjesteg på Valle er ny rundkøyring ved barnehagen og utbetring av rundkøyring ved skulen.

På kartet er innteikna den nye rundkøyringa vest for barnehagen.



Skodje kommune  
ønsker alle  
God Påske!

## Helsesenteret og legevakt i påska

Onsdag før skjærtorsdag stenger helsesenteret kl. 12.00. Deretter må ein kontakte legevakt-sentralen.

For legevakta for Skodje, Stordal og Ørskog, som er lokalisert på Sjøholt, gjeld desse opningstidene:

Onsdag	08.04.09:	14.00 – 20.00
Skjærtorsdag	09.04.09:	14.00 – 20.00
Langfredag	10.04.09:	14.00 – 20.00
Påskeaftan	11.04.09:	11.00 – 17.00
1. påskedag	12.04.09:	14.00 – 20.00
2. påskedag	13.04.09:	14.00 – 20.00

Utanom opningstidene er det alltid lege på vakt som kan nåast ved å ringje det vanlege legevakt-nummeret - tlf. 70 27 03 00. Dersom det hastar mykje, ring 113.

## Rådhuset i påska

Rådhuset stengjer kl. 12.00 onsdag før skjærtorsdag.

## Skodje kultur- og idrettshall

Med 4 mot 1 røyst går Skodje formannskap inn for bygging av kultur- og idrettshall.

Prosjektet har ei kostnadsramme på 80,6 mill. Skodje kommune sin andel, som skal finansierast med låneopptak, er 55,4 mill.

Entreprenøren som er valt er Lønnheim Entreprenør AS frå Kristiansund. Det er planlagt ei byggetid på 420 dagar. Dersom kommunestyret i møte 31. mars vedtek bygging, reknar ein med at bygget vil vere innflyttingsklart til skulestart 2010.

## Brannstasjon

Skodje kommune treng nye lokaler til brannstasjon frå sommaren 2009. Skodje brannvesen har behov for eit lokale på om lag 200 m<sup>2</sup> sentralt i sentrum.

Ta kontakt med brannsjefen dersom du har eigna lokaler for utleige.

### Hund

Vi vil oppmode alle hundeeigarar om å fjerne ekskrement etter hundane når ein er ute på tur.

NB: Kast ikkje posen med hundeskitt i naturen!

### Hest

Vi vil òg oppmode alle hesteeigarar om å fjerne ekskrement etter hestane når ein er ute på tur.

Dette gjeld spesielt langs kommunale vegar og gangveggar. Vi kjem med denne oppmodinga fordi det har kome ein del klager på hestemøkk langs vegane.

### Nye gatelys

Det er eit stort behov for gatelys i Skodje. Det er avsett kr 250 000,- til utbygging i 2009.

Planen er 5 nye gatelys på kvar av desse stadane:

- Nedreskodjevegen
- Korsvegen / Klungrebakken
- Langs fylkesvegen i Brusdalen
- Glomset

### Har du lyst til å vere støttekontakt?

Sosialtenesta treng støttekontakter til både unge, vaksne, og eldre kvinner som treng sosialt samvær eller følgje til fritidsaktivitetar.

Ta kontakt med sosialtenesta v/ Anne Marie, tlf 70 24 40 35 eller Marit, tlf 70 24 40 32 for meir informasjon.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 19. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 11. juni.

## Vi treng bilete!

Har du bilete vi kan få bruke? Skodje kommune har starta arbeidet med ny heimeside og i den samanheng treng vi fleire bilete i arkivet vårt.

Vi utfordrar dei som har motiv frå område i Skodje kommune, til å sende inn bileta. Kanskje har du vore på ein av dei flotte sætrane eller i Murvika? Eller høgare opp på ein tind eller på sjøen? Uansett er det flott om du vil dele dine blinkskot med oss andre!

Bileta kan bli brukt på heimesida i samanheng med tekst, eller som dagens bilete. Namnet ditt

vil bli publisert, men sjølvsagt berre om du ynskjer det.

Send bileta (i jpg-format) på e-post til [bilete@skodje.kommune.no](mailto:bilete@skodje.kommune.no)

Hugs å opplyse om kvar biletet er teke, og om du vil ha namnet ditt publisert.

Tek du utfordringa?

### Ny fastlege

I månadsskiftet april/mai 2009 tek dr. John Espen Gjøn til i ny fastlegepraksis ved Skodje legekantor. Han har jobba som vikar her sidan september 2008.

Dei andre fastlegane i kommunen skal redusere talet på listepasientar, dvs. at nokre pasientar vil få melding frå NAV om at dei har fått den nye legen som fastlege. Legekantoret på Skodje har ikkje innverknad på den prosessen - den er det NAV som administrerer - men vi svarer gjerne på spørsmål om ordninga. I overgangen vil vi prøve å gjere dette så smidig som mogeleg.

### Renovasjon

I veka etter påske blir renovasjonsrutene endra. Tysdagsruta (R9) vert køyrt onsdag 15. april, og onsdagsruta (R10) vert køyrt torsdag 16. april, jfr. avfallskalenderen.

### Omsorgsberedskapsgruppe

Skodje kommune har oppretta ei eiga tverrfagleg omsorgsberedskapsgruppe. Grappa består av:

- Kommunelege i Skodje, Olav Mestad (leiar)
- Psykiatrisk sjukepleiar i Skodje, Arnhild Skjeggestad
- Prest i Skodje, Nils Beite
- Lensmannen i Ørskog, Ivar Holmeide
- Representant for sosialtenesta i Skodje, Marit Heggen Stokke
- Representant for pleie- og omsorgstenesta i Skodje, Ann Kristin Berg

Leiaren kallar saman grappa, og vurderer samansetjinga av grappa frå hending til hending.



### Dette skjer

## ABBA - «Thank you for the music»

Skodje skulekorps inviterer til konsert

Torsdag 23. april kl. 19.00 i Skodje idrettshall. Billettsal ved inngangen.

I fjor hadde skulekorpsset suksess med «Let it be Beatles». I år satsar dei friskt med ABBA og «Thank you for the music». Korpsset har vore så heldige å få med seg fleire lokale songtalent denne kvelden.

Dirigent Odd Fossum har arrangert musikken og står no saman med Tonje Alstad på for fullt, for at dette skal bli ein kjempekonsert.

Sett av kvelden til «Thank you for the music» og Skodje Skulekorps.



"Kommunenyt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)